

# Handlingsplan 2024 - 2025

## Fagforbundet 409

**Vedtatt på årsmøtet den 30.01.2024**

### Innleiing

Fagforbundet Austevoll har framleis utfordringar med å besetta alle Styreverva. Det medfører at me ikkje når like godt ut til alle yrkesgruppene våre med lokale aktiviteter og Yrkesretta kurstilbod i regionsregi. Ein del slike tilbod blir lagt ut på Facebook sida til Fagforbundet Austevoll. Innmeldte saker frå alle våre medlemmer blir prioritert og handtert fortløpande. Arbeidet med oversikt og sjølvdreven drift av medlems registeret «Fane 2» er godt påbegynt, men ikkje heilt på plass.

### Strategiplanen 2024 - 2025

Strategiplanen er landsstyrets prioritering av arbeidet i heile organisasjonen. Eit av hovudmåla for Fagforbundet er auka tariffmakt. Den gir oss styrke til å ivareta medlemmene sine interesser overfor arbeidsgivar og i samfunnet, sjå Strategiplan 2024-2025.

Følgande område er prioritert:

- Heiltid, likeløn og kampen for mindre forskjellar
- Gode offentlege tenester med eigne tilsette
- Organisasjonsbygging og tariffmakt

- Fag- og tenesteutvikling
- Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleggpolitisk påverknadsarbeid
- Digitalisering

#### **Fagforeiningas mål:**

**Arbeida vidare for å få på betre oversikt og sjølvdrift i vårt Medlemsregister.**

**Arbeida viderere for å få plass eit fungerande trepartsamarbeid i kommunen.**

**Medvirka til oppstart av arbeid med oppgåveldeling, og systematisk kompetanseheving.**

#### **Heiltid, likeløn og kampen for mindre forskjellar**

##### **Hovudmål 2024-2025**

- Fleire kommunar har starta arbeidet med å etablera ein heiltidskultur.
- Færre jobbar deltid, og fleire av Fagforbundet sine medlemma har heile, faste stillingar.
- Lønsgapet mellom kvinner og menn blir mindre.
- Forbetra og tryggja medlemmane sine pensjonsrettar. Målretta innsatsen i privat sektor og tariffesta kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonsordningar.

#### **Fagforeiningas mål:**

**Vårt mål er at alle våre medlemmer skal få tilbod om 100% stilling dersom dei ønsker det. Dette arbeidet har vert prioritert dei seinaste åra og veldig mange har allerede oppnådd sin ønska stillingsprosent.**

**HTV i KS har nylig satt krav om at alle einingar i kommunen følger Hovedavtala, -at mulig oppauke av eksisterande stillingar før ei ev. utlysning skal vera rutine.**

#### **Gode offentlege tenester med eigne tilsette**

##### **Hovudmål 2024-2025**

- Konkurransetsetting, privatisering og sosial dumping motverkast gjennom påverknadsarbeid, kartlegging, kunnskap og skulering.
- Offentleg finansierte tenester blir ikkje konkurransetsette, og ein støre del av tenestene i kommunar, fylkeskommunar og helseføretak driftast med eigne tilsette.
- Styring og leiing i offentleg sektor bygger på tillit og treparsarbeid.

#### **Fagforeiningas mål:**

I Austevoll kommune blei pensjonen vår satt ut på anbod i 2023, Fagforbundet forsøkte sterkt å forhindre dette med støtte frå Reginonskontoret. HTV var med i arbeidsgruppa som laga anbodet, slik at kriteriene skulle bli best mogelig. Storebrand vant anbodet i Austevoll.

Fagforbundet har fremdeles eit mål om å få reinhald på kommunale bygg tilbake i offentlig regi, så vidare påverknings arbeid opp mot politikarane må fortsetta på det feltet.

## Organisasjonsbygging og tariffmakt

### Hovudmål 2024-2025

- Styrka tariffmakt i KS-området/Oslo kommune.
- Styrka tariffmakt i Spekter helse.
- Styrka tariffmakt i NHO-området.
- Ti prosent auke av lærlingmedlemmar.
- Ti prosent auke av studentmedlemmar.
- Tillitsvalde nyttar forbundet sine ulike kommunikasjonsplattformer i arbeidet.
- Tillitsvalde har kompetanse og verktøy til å utøva sitt verv.

### Fagforeiningas mål:

Dei Tillitsvalgte me har i skule må få fullført si opplæring, og den i Barnehage må få påbegynt opplering i 2024.

Opplæring av Fane 2 ansvarlig, slik at me kan ta våre trekklistar sjølv.

## Fag- og tenesteutvikling

### Hovudmål 2024-2025

- Prioriterte yrkesgrupper og område er synleggjort.
- Fleire medlemmar har tilbod om relevant kompetanseheving.
- Talet på lære plassar samsvarer med arbeidets og samfunnets behov.
- Fagforbundet er ein aktiv aktør i klimapolitikken, og medlemmane tar del i det lokale klima- og miljøarbeidet.

### Fagforeiningas mål:

Å auka antall medlemmer i dei 4 Barnehagane våre, og jobba for å få Tillitsvalgt på minst ein barnehage til.

Fagforbundet vil vera ein pådrivar for å få igang arbeidet med oppgåvedeling, og systematisk kompetanseheving.

Fagforbundet ynskjer å arrangere et foredrag der me vil innvitera med Politikarane, leiara, mellomleiara og alle andre yrkesgrupper innom helse.

## Alliansebygging, myndigheitskontakt og faglegpolitisk påverknad

### Hovudmål 2024 - 2025

- Engasjera medlemmar og tillitsvalde til å fremja Fagforbundet sin politikk.
- Fleirtalet av Fagforbundets medlemmar har brukt sin stemmerett i stortingsvalet i 2025, og stemt på parti som støttar forbundets mål og arbeid.
- Bygga kunnskap og alliansar for klima- og miljøsaka nasjonalt og lokalt.
- Ha eit godt samarbeid med parti som deler Fagforbundet sin ideologi og sine verdjar.

### Fagforeiningas mål:

Fagforbundet Austevoll ynskjer sammarbeid med alle KommunePolitikarane våre uavhengig av kva parti dei tilhøyrer. Målet vårt er å nå fram og bli høyrte, å få gjennomslag for mest mulig av det våre medlemmer ynskjer.

## Digitalisering

### Hovudmål 2024 - 2025

- Nasjonal/offentleg skyteneste blir vedteken.
- Digitale løysingar i offentleg sektor er integrert i partssamarbeidet.
- Det er sett i gang arbeid for å motverka digitalt utanforskap.
- Forbetra digital kompetanse hos tillitsvalde.
- Tillitsvalde har enklare tilgang til relevant informasjon og verktøy for å utøva vervet.

Det blei store utskiftingar i Kommunestyret og i Kommune adminstrasjonen hausten 2023. Dette berører jo også Fagforbundets medlemmer, nokon meir og nokon mindre. Det er lite positivt med hyppige utskiftingar slik me har hatt dei siste åra, det blir som å rykka litt tilbake til start kvar gong.